



Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune

Dato: 12.05.2017
Vår ref.: 2016/3311-4
Dykkar ref.:

Partsbrev - Kva rolle skal kontrollutvala i Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune ha i samband med samanslåing av dei to fylkeskommunane - Arbeidsmøte

Vedlagt følgjer partsbrev i sak PS 53/17 frå arbeidsmøte mellom kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune 08.05.2017.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
utvalgssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Kopi til:
Fylkesordføraren
Fylkesrådmannen
Thorbjørn Aarethun
Kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune

Arkivnr: 2016/3311-2
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg

Saksgang

Kva rolle skal kontrollutvala i Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune ha i samband med samanslåing av dei to fylkeskommunane - Arbeidsmøte

Bakgrunn for saka:

Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune har som kjent inngått ein intensjonsplan om at fylkeskommunane skal slå seg saman til ein region frå 1.1.2020, jf. vedlegg 2.

På bakgrunn av dette gjorde kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune slikt vedtak i møte 27.03.17:

«Sekretariatet vert bedne om å få i stand eit felles møte med kontrollutvalet i Sogn og Fjordane, t.d. i samband med møte 8.5.17 eventuelt 15.6.17, i høve regionreforma og kontrollutvalet si rolle.»

På bakgrunn av dette vedtaket tok sekretariatet same dag kontakt med leiar i kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune, Frank Willy Djuvik og kontrollsjef, Einar Ulla. Dette har resultert i at kontrollutvala i dei to fylkeskommunane har avtalt å ha eit felles møte 08.05.2017. Møtet skal haldast i fylkeshuset i Bergen, møterom 425 Sunnhordland, og skal starte med lunsj kl. 13.00 med påfølgande møte frå kl. 14.00 – 16.00.

Samanslåingar av fylkeskommunar er regulert i Lov om fastsetjing og endring av kommune- og fylkesgrenser (inndelingslova) som du finn på denne lenkja: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2001-06-15-70?q=inndelingsloven> . Inndelingslova ligg også ved som vedlegg 1 til saka.

Norges Kommunerevisorforbund (NKRF), som organiserer kommunerevisjonar i Noreg, har laga denne sjekklista: «Kommunereform - sjekkliste for revisor, kontrollutval og sekretariat». Denne ligg også ved som vedlegg 5 til saka, men du finn den også på denne lenkja: <http://www.nkrf.no/nyheter/cms/2016/juni/kommunereform-sjekkliste-for-revisor-kontrollutvalg-og-sekretariat/5497>.

Kommunal- og regionaldepartementet (KMD) la 05.04.2017 fram desse 2 proposisjonane som gjeld regionreforma:

- Prop. 84 S Ny inndeling av regionalt folkevalt nivå
- Prop. 91 L Endringer i ekteskapsloven og bustøttelova m.m. (oppgaveoverføring til kommunene) og lov om overføring av ansvar for kollektivtransport

I tillegg vart Prop. 96 S Endringer i kommunestrukturen lagt fram. Du finn alle 3 proposisjonane på denne lenkja:

<https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/nye-kommuner-og-fylkeskommuner-for-bedre-velferd-og-sterkere-lokalsamfunn/id2548565/>

Drøfting:

Fylkesrådmennene i Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune skal leggje fram eit notat til fylkesutvala 03.05.2017 med «Framdriftsplan for samanslåinga av Sogn og Fjordane og Hordaland». Dette saman med brev frå KMD dagsett 07.04.2017 «Informasjon om vidare prosess for fylkeskommuner som skal slå seg sammen» ligg ved som vedlegg 3 og 4.

I dette arbeidsmøtet er tanken at kontrollutvala skal diskutere kva rolle utvala skal ha i førebuinga av at den nye regionen som skal etablerast.

1. Lovgrunnlag:

I inndelingslova er det §§ 25 og 26 som er særskilt aktuelle for kontrollutvala.

Val av revisor for fellesnemnda går fram av inndelingslova § 25 som lyd slik:

«Når det er gjort vedtak om samanslåing av to eller fleire kommunar eller deling av kommunar som nemnt i § 3 andre ledd bokstav b, skal Fylkesmannen snarast mogleg kalle saman til eit felles møte med dei aktuelle kommunestyra. Ved samanslåing eller deling av kommunar som nemnt i § 3 andre ledd bokstav b, kallar departementet saman kommunestyra dersom kommunane ligg i ulike fylke. Ved samanslåing eller deling av fylke som nemnt i § 3 andre ledd bokstav b, kallar departementet saman fylkestinga. Departementet kan gjere unntak frå kravet om slikt felles møte. På slike fellesmøte skal følgjande saker drøftast:

- a) forslag til namn på den nye kommunen eller det nye fylket*
- b) talet på medlemmer i det nye kommunestyret eller fylkestinget*
- c) kriterium for samansetjing av og funksjonar til fellesnemnd etter § 26 i denne lova*
- d) val av revisor for verksemda i fellesnemnda*
- e) oppretting av eventuelle andre fellesorgan for å sikre gjennomføringa av samanslåinga.»*

Når det gjeld samanslåing av fylkeskommunar er det departementet som, etter handsaminga i Stortinget, skal kalle inn til felles fylkestingsmøte mellom fylkestinga i Sogn og Fjordane og Hordaland, jf. Prop. 84 S Ny inndeling av regionalt folkevalt nivå, punkt 7.1.

Inndelingslova seier ikkje noko om kontrollutvalet si rolle i denne handsaminga. Av Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) si sjekkliste for revisor, kontrollutval og sekretariat går det m.a. i punkt 4.2 fram dette:

«Prosjektgruppen anbefaler å følge vanlig prosedyre ved valg av revisor i kommunene, dvs. valg foretas av kommunestyrene etter innstilling fra de sammenslående kommunenes kontrollutvalg. Dette vil også styrke legitimiteten til det valget som gjøres.»

Praksis frå samanslåingar andre stadar i landet er at det mest vanlege er at val av revisor for fellesnemnda skjer etter innstilling frå kontrollutvala.

Vidare går det m.a. fram av § 26 at:

«Nemnda kan få fullmakt til å tilsetje personale i den nye eininga. Dette omfattar også tilsetjing av administrasjonssjef og revisor. Tilsetjing av revisor skjer på bakgrunn av innstilling frå kontrollutvala. Nemnda kan òg få fullmakt til å vidareføre deltaking i interkommunalt samarbeid om revisjon eller vidareføre avtale med annan revisor. Tilsvarande gjeld for sekretariatet for kontrollutvalet. Slikt vedtak skjer etter innstilling frå kontrollutvala.»

2. Kontrollutvalet si rolle i høve lovgrunnlag:

Ut frå det som går fram over er det m.a. følgjande punkt dei to kontrollutvala kan komme til å ha ei rolle i:

- Val av revisor for fellesnemnda
- Rapportering i dei to kontrollutvala fram til samanslåing i 2020
 - Korleis vert det sikra at det er tilstrekkeleg fokus på internkontrollen i noverande fylkeskommune
 - Korleis vert det sikra at det er tilstrekkeleg fokus på internkontroll i planlegginga av den nye regionen
- Innstilling på val av revisjonsordning og val av revisor for den nye regionen
- Innstilling på val av sekretariat for kontrollutvalet i den nye regionen
 - Det må drøftast kven som skal førebu ei slik sak for utvala

Det er ikkje høve til å etablere eit felles kontrollutval mellom dei to fylkeskommunane i prosessen fram til samanslåing.

3. Val av revisor for fellesnemnda - Erfaring frå tidlegare gjennomførte prosessar:

Sekretariatet har hatt kontakt med kollegaer i Vestfold. Sak om val av revisor for fellesnemnda har vore handsama i m.a. nye Sandefjord kommune. Der valde dei å be kontrollutvala om å komme med innstilling til val av revisor for fellesnemnd. På bakgrunn av dette er det naturleg at kvar av kontrollutvala i dei to fylkeskommunane også får ansvar for å komme med innstilling til val av revisor for fellesnemnda. I nye Sandefjord kommune vart det arrangert særskilte kommunestyremøte for kvar av kommunane same dag som fylkesmannen hadde innkalla til felles kommunestyremøte mellom kommunane. I desse kommunestyremøta vart innstillinga frå kontrollutvala handsama.

Sekretariatet har forøvrig fått opplyst at ekstra kostnader til kontrollutval og sekretariat i samband med kommunesamanslåinga vart ført på den einkilde kommune i prosessen fram mot nye Sandefjord kommune. Vidare har vi fått opplyst at kostnader til fellesnemnda i nye Sandefjord kommune vart ført som eit prosjektrekneskap og revidert av Vestfold kommunerevisjon. Arbeidet med revisjon over 2,5 år, bestående av nokre attestasjonsoppgåver og revisjon av den totale prosjektrekneskapen når prosjektperioden er over, får vi anslått har ein totalkostnad på omlag kr. 25.000.

Sekretariatet har også undersøkt kva som har vore vanleg praksis i dei kommunane som er ferdig med, eller komme lenger i prosessen med kommunesamanslåing, når det gjeld val av revisor for fellesnemnda. Det vanlege har vore at revisor i den kommunen som er vald til å føre rekneskapen for fellesnemnda også vert vald til å revidere rekneskapen for fellesnemnda. Slik sekretariatet ser det kan dette vera eit fornuftig prinsipp som vi tilrår at kontrollutvala i dei to fylkeskommunane bør gå inn for. Det er sjølv sagt også mogleg å be andre revisjonselskap om å påta seg eit slikt oppdrag.

4. Innkjøpsreglar:

Sekretariatet har undersøkt litt når det gjeld terskelverdiar i høve «Lov om offentlege anskaffelser» og «Anskaffelsesforskriften» med tanke på val av revisor for fellesnemnda. Begge desse finn du på www.lovdato.no.

Slik vi har forstått reglane er det på generelt grunnlag slik at dersom anslått verdi for den totale perioden innkjøpet skal gjelde for, er under kr. 1.1 millionar, treng ein ikkje kunngjere innkjøpet på Doffin. Det er då nok å sende førespurnader til 3 tilbydarar, eventuelt fleire, dersom marknaden skulle tilseie at det kan vera lurt for å oppnå tilfredsstillande konkurranse.

Vidare har vi forstått det slik at dersom anslått verdi er under kr. 100.000 gjeld ikkje verken lov eller forskrift og fylkeskommunen kan gjera innkjøpet der dei sjølv måtte ønskje. Det er likevel slik at fylkeskommunane sjølv kan lage rutinar som er strengare enn krava i lov og forskrift.

I **Hordaland fylkeskommune** gjeld desse reglane, jf. innkjøpshandboka punkt 7.1.4:

«Skriftleg førespurnad skal nyttast for alle einskildkjøp over kr 10 000 - med tilstrekkelege spesifikasjonar med omsyn til krav til kvalitet, kvantum, leveringstid, vedlikehald, garantiar, vurderingskriterium og andre vilkår knytt til leveransen, slik at leverandøren får eit realistisk og fullstendig grunnlag for utarbeiding av sitt tilbod. Det skal om mogleg hentast tilbod frå minimum 3 leverandørar. Sjå eigen prosedyre for førespurnad.»

I **Sogn og Fjordane fylkeskommune** er det utarbeidd retningslinjer for innkjøp for oppslag på heimesida til fylkeskommunen. Dei grunnleggjande prinsippa som gjeld alle kjøp under kr. 100 000 eks mva er:

1. *Konkurranse*
 - *Gjeld frå fyrste krone*
 - *Målet er ein effektiv offentlig sektor*
 - *Nokre unntak, til dømes kunst, pedagogiske føremål, berre ein leverandør*
2. *Forholdsmessigheit*
 - *Gjennomføre konkurranse som står i forhold til innkjøpet. Jo større innkjøp, jo større krav til konkurranse*
3. *God forretningskikk*
 - *Forsvarleg og sakleg sakshandsaming på ein økonomisk ressurseffektiv måte*
 - *Andre nøkkelord: habilitet, opplysningsplikt, teieplikt, reglar om gjennomføring av forhandlingar*
4. *Likehandsaming av leverandørar*
 - *Leverandørar skal ikkje verte diskriminert grunna nasjonalitet*
 - *Ikkje lov med skjult forskjellsbehandling til dømes med krav om lokal tilhørighet*
5. *Føreseieleg*
 - *Nøkkelord: lik informasjon*
6. *Etterprovbar og gjennomsiktig prosess*
 - *Nøkkelord: dokumentasjon*

Ta omsyn til livssykluskostnadar, universell utforming og miljømessige konsekvensar.

5. Andre tilhøve kontrollutvala bør drøfte/ha fokus på framover:

- Kva forvaltningsrevisjonsprosjekt kan vera mest relevant i perioden fram til samanslåing
 - Samordne evaluering av analysar og planar i 2018

- Kva selskapskontrollprosjekt kan vera mest relevant i perioden fram til samanslåing
 - Samordne evaluering av analysar og planar i 2018

6. Andre lenkjer der du kan finna informasjon som kan vera nyttig:

- Kommunal og regionaldepartementet i høve regionreform
<https://www.regjeringen.no/no/tema/kommuner-og-regioner/id921/>
- Heimesida nye Sandefjord kommune: <http://www.sandefjord.kommune.no/kommunesammenslaing/>
- Heimesida Trøndelag region: <http://trondelagsutredningen.no/>

Fungerande fylkesordførar i Hordaland fylkeskommune, Pål Kårbø, har sagt seg villig til å innleie møtet med å orientere kort om status i høve arbeidet med regionreforma.

Konklusjon:

Saka vert lagt fram til drøfting utan at det vert lagt opp til å gjera vedtak.

Forslag til vedtak

Det vert ikkje lagt opp til å gjera vedtak i saka.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 08.05.2017

Handsaming i møte

Det er laga eige referat etter felles arbeidsmøte mellom kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune og kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune der m.a. dette går fram:

Arbeidsmøte kl. 14.00 – 16.00

Til stades:

Fungerande fylkesordførar i Hordaland fylkeskommune Pål Kårbø deltok frå kl. 15.00

Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune:

- Inge Reiar Kallevåg, leiar
- Kristian Helland, nestleiar
- Leidulv Brunborg (vara)
- Sekretær for kontrollutvalet Hogne Haktorson og Roald Breistein
- Forfall: Åse Gunn Husebø, Terje Kolbotn, Sara Berge Økland

Kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune:

- Frank Willy Djuvik, leiar
- Odd Atle Stegegjerdet, nestleiar
- Klaus Iversen
- Lise-May Sæle
- Sekretariat for kontrollutvalet Einar Ulla
Forfall: Karoline Aldis Bjerkeset og fast møtande 1. vara Frode Bøthun

Milepælar for arbeidet vidare.

- Val av revisor for fellesnemnda – handsaming i kontrollutvala mai 2017 – sikre at det er kontrollutvala som lager saksframlegg vedr. val av revisor. Roald presenterte saksframlegg for val av revisor til fellesnemnda. Dette må koordinerast med fylkesrådmennene.
- Rett til innsyn – kontrollutvalet sin rett til å kontrollere fellesnemnda – bør undersøkast
- Plan for FR – felles arbeid – samkøyring av planane
- Plan for SK – felles arbeid – eigne planar
- Konkurrans om val av revisjonsordning – 2018 – sekretariata bør starte opp arbeidet hausten 2017
- Møte nr. 2 om samanslåing –seinhausten 2017 – **Det vart avtalt møte mellom dei to kontrollutvala 21. november 2017.** Vertskap blir kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune. Forslag til tema for møtet:
 - Val av revisjonsordning - prosess
 - Planverket (Plan for forvaltningsrevisjon og plan for selskapskontroll)
 - Val av sekretariatsordning
 - Statusorientering frå FRM i Sogn og Fjordane»

Vedtak

Det vart ikkje gjort vedtak i saka.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
utvalgssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg

- 1 Lov om fastsetjing og endring av kommune- og fylkesgrenser (inndelingslova)
- 3 Intensjonsplan for samanslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland
- 3 Framdriftsplan for samanslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland
- 4 Informasjonsbrev frå KMD, datert 07.04.17
- 5 NKRF si sjekklister for revisor, kontrollutvalg og sekretariat